



Formannskapet  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/146 - 18/35

Saksbehandlar:  
Inga Jorunn Nåmdal  
inga@modalen.kommune.no

Dato:  
15.01.2018

## Søknad om kulturminnevernmidlar

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr.60.000.- til Einar Sofienlund. Pengane skal brukast til restaurering av sjøbua på Nottveit. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar og fotodokumentasjon, ligg føre.

Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune har sett av kr. 100.000.- til kulturminnevernmidlar i 2018.

Det har kome inn to søknader om midlar til kulturminnevern, begge frå Einar Sofienlund.

1. Fullrestaurering av sjøbu på Nottveit
2. Oppattbygging av kvernhus på Nottveit

### Sjøbua

I vedtektene for tildeling av kulturminnevernmidlar står det mellom anna:

- sjeldne kulturminne må sikrast
- kulturminnet er utsett og i ferd med å bli borte

Sjøbua på Nottveit kjem inn under begge desse kategoriane. Huset er frå 1850 og vart og nytta som stoppestad for rutebåten og venterom for dei reisande. Sjøbua er no den einaste i sitt slag som står att i kommunen. Den er ein del av eit autentisk naustmiljø på Nottveit, der gardane hadde ei felles naustvik. Store delar av miljøet er inntakt. Dette miljøet er og eit godt døme på Modalen si tilknytning til fjorden som var så viktig i eldre tider. Turisttrafikken på fjorden har auka dei siste åra og det er viktig å ta vare på dei gamle kulturminna langs sjøvegen, både i høve til reiseliv og for nye generasjonar. Det er prisverdig at eigaren no vil ta arbeidet med å setja i stand dette bygget. Då bygget er i svært dårleg stand hastar det med å koma i gang med arbeidet.

Dersom søknadane må prioriterast, ber eigaren om at sjøbua får første prioritet.

I 2013 fekk eigaren støtte til takteking av bua. Dette arbeidet er ikkje med i kostnadane over kva som skal gjerast vidare.

Budsjett: 168.207.-  
Søknadsum 84.000.-

#### Kvernhuset

Kvernhusa er ein viktig del av gardshistoria til Modalen. Dette kvernhuset, som må byggjast oppatt, ligg langs same elvestrekning som det restaurerte kraftverket og tenkt brukt i samband med reiseliv og undervisning av skuleelevar. Dette miljøet vil få ein pedagogisk verdi når alt er sett i stand. Kvernhuset er og kvalifisert til kulturminnevernmidlar men det er ikkje nok pengar dette året.

Budsjett 206.000  
Søknadsum 100.000

Med helsing

Inga Jorunn Nåmdal  
kultur

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Mottakere:**  
Formannskapet

5729

MODALEN